
Saksnr: 2020/49095-4
Saksbehandlar Ingeborg Strandberg
Dato: 07.01.2021

Til: Fylkesvalstyret

Frå: Fylkesrådmannen

Høring om gjennomføring av stortings- og sametingsvalget i 2021 – Forslag til midlertidige endringer i valgloven og kommuneloven som følge av covid-19

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sendte 15. desember forslag til førebelse endringar i vallova og kommunelova på høyring. Bakgrunnen er at utbrotet av covid-19 kan få konsekvensar for valgjennomføringa. Forslaga skal sikre at alle veljarar får røysta på ein trygg måte ved valet i 2021, og gi kommunane større moglegheiter til å legge til rette for røysting, også under eit lokalt smitteutbrot.

Høringsfristen var søndag 10. januar kl. 15.. I høringsbrevet står det:

«Departementet har forståelse for at det ikke er mulig å behandle høringssvar i de kommunale organene innen høringsfristen. Vi oppfordrer derfor kommuner og fylkeskommuner til å avgi administrative høringssvar, spesielt om forslagene som gjelder praktiske forhold rundt stemmingen. Disse finnes i kapittel 4 i høringsnotatet.»

I «Reglement for folkevalde organ og delegering» under fylkesutvalet står det i punkt 7. Høringsuttale:

«Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høringssaker, med unntak av dei sakene kor hovudutvala kan gi høyringsuttale (sjå punkt 3 i reglementa for hovudutvala).»

På dette grunnlaget har fylkesrådmannen ikkje sendt inn ei administrativ uttale.

Frå mottak av høyringa til høringsfristen var tiden knapp og høyringa gjeld i stor grad tema som ligg utafor fylkeskommunen sitt ansvarsområde. Fylkesrådmannen legg difor fram høyringa som referatsak til fylkesvalstyret.